



BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE
Utviklingsavdelingen

Vår saksbehandler
Morten B Histøl, tlf 32808678

Vår dato
03.12.2003

Deres dato
24.10.2003

Vår referanse
03/02104-8
650.710.

Deres referanse
03/01150 - Nerol

1 av 1

KOP1

UNIVERSITETETS KULTURHISTORISKE MUSEER		
Universitetet i Oslo		
Saksb.	12 DES. 2003	Kopi
L6U		
Ark:	0432	
Saksnr	03/12749	Dok.nr.: 1

Ål kommune
v/ Næring/utviklingsavdelingen
Torget 1
3570 ÅL

ARKIV

Gnr 21 bnr 21 - Ål kommune - svar på søknad om godkjenning av plan for nydyrking

Vi beklager at vi ikke har fått svart på denne saken innen fristen.

Våre arkivundersøkelser viser at det ikke finnes kjente kulturminner fra forhistorisk eller nyere tid innenfor området som blir direkte berørt av nydyrkingen.

Vi gjør oppmerksom på at det likevel kan finnes fredete kulturminner i området. Slike kulturminner kan for eksempel være ulike typer fangstanlegg, kullgroper, milebunner, jernvinneanlegg, boplasser, røyser, gamle veifar og gamle steingjerder. I de fleste tilfeller er slike kulturminner synlige. Inngrep i marka kan avdekke indikatorer på automatisk fredete kulturminner under markens overflate. De vanligste indikatorene i så måte er kullkonsentrasjoner og jernslag.

Dersom det først under arbeidet likevel skulle fremkomme automatisk fredete kulturminner i området, må arbeidet straks stanses og utviklingsavdelingen varsles, jfr. lov om kulturminner § 8.2.

Telefonnummeret til utviklingsavdelingen er 32 80 86 60.

Med hilsen

5

Åse Klundelien e f
fylkeskultursjef


Inger Liv Gøyttil Lund e f
kulturvernleder

Kopi til:

Universitetet i Oslo UKM, Oldsaksamlingen Pb 6762 St. Olavs plass, 0164 OSLO

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Fylkeshuset
N-3020 Drammen

Besøksadresse
Hauges gate 89
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
32 80 85 00

Telefaks
32808676

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373



**BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE**
Utviklingsavdelingen

Vår saksbehandler
Jørn Jensen, tlf 32808669

T.E. 00
Vår dato
03.05.2004

Deres dato

Vår referanse
03/02104-11
650.710.

Deres referanse

1 av 3

Ål kommune
Næring/utviklingsavdelinga
Torget 1
3570 ÅL

ARKIV

UNIVERSITETETS KULTURHISTORISKE MUSEER	
Universitetet i Oslo	
Saksb.	28 JUNI 2004
Ark.:	0619-21
Saksnr.	03/12749
Dok.nr.:	3

**MEHUSGJERDEN, GNR. 21 BNR. 21, OPHEIM, TORPO, ÅL KOMMUNE
NYDYR KING**

Vi viser til tidlegare brevveksling om denne saka.

Det var synfaring i Opheim 30. april, der følgjande personar deltok:
Kolbjørn Opheimsjorde, eigar av Opheimsjordet 22/42, initiativtakar til ny gardsveg til Hagen
Magne Reidar Liahagen, eigar av Medhus 21/3, brukar av Medhusgutua
Egil Ruud, brukar av Medhusgutua
Marit Torsrud Nerol, jordbruksforvaltar i Ål kommune
Vidar Jørdre, skogbrukssjef i Ål kommune
Maria Høgetveit Berg, kultursjef i Ål kommune
Jørn Jensen, kulturvernkonsulent i Buskerud fylkeskommune

Saka gjeld ny gardsveg til dei to bruka Opheimsjorde 22/58 og Hagen 22/51. Eigar av Opheimsjordet 22/42, Kolbjørn Opheimsjorde, har teke initiativ til jordskiftesak for å få lagt om vegen til dei to nabobruka aust for tunet hans. Dei har i dag veg gjennom tunet på Opheimsjordet 22/42. Ny veg er planlagt austfrå. Han vil ta av frå fylkesvegen der Medhusgutua kryssar fylkesvegen, dele jordstykkjet Mehusgjerden 21/21 om lag i to, krysse gutua, gå over den øvre delen av Medhus 21/3 og så omtrent følgje grensa mellom øvre Hagen 22/52 og nedre Hagen 22/51 fram til tunet på nedre Hagen 22/51 og Opheimsjorde 22/58.

Vi vil omtale landskap og kulturminne i og ved Medhusgutua og på eigedomen Mehusgjerden.

MEDHUSGUTUA

Gutua går frå Medhus-gardane og opp til utmarka og vidare inn mot stølane. Frå litt ovafor tunet på Medhus 21/3 og rundt 150 meter oppover vart gutua lagt om ca. 1980. Vidare oppover er det beitemark på båe sider, framleis med mykje stein i jorda, men rydningsrøyser tyder på at jorda er delvis rydda for stein. Gutua er så brei at det er mogeleg å køyre med traktor, noko som vert gjort. Det kan sjå ut som gutua er steinsett i kanten, med ei grunn grøft utanfor. Ved grensa mellom Medhus 21/3 og Opheimsjorde 22/58 (det står 22/52 på kartet) vert gutua kryssa av ein gamal veg, som vert omtala nedanfor. Jordet til Opheimsjorde 22/58 (på vestsida av gutua) er nydyrka i 2000. Gutua er delvis avgrensa av nyare

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Fylkeshuset
N-3020 Drammen

Besøksadresse
Hauges gate 89
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
32 80 85 00

Telefaks
32808676

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373

nettinggjerde. På oversida av fylkesvegen er det steingjerde mellom gutua og innmarka på Medhusaugen 21/13.

Vi vurderer Medhusgutua som eit kulturminne. Ho har stort verd som ein del av det naudsynte vegnettet i det gamle jordbrukslandskapet, der sambandet mellom innmarka, stølane og utmarka var særskild viktig. På synfaringa vart vi fortalt at det tidlegare hadde vore mange slike gutuer i Opheimsgrenda, men at dei fleste no er borte. Gutua er framleis i bruk, noko som aukar verdet. Kor gamal gutua er, er ikkje lett å seie. Det vart sagt på synfaringa at gutua var nemnt i ei utskifting i 1903-1904, då fleire grunneigarar i området fekk bruksrett til ho. Vi vil nok tru at gutuene av praktiske årsaker vart liggjande uendra i ei utskifting, og at Medhusgutua kan vera mykje eldre. Vi kan likevel ikkje fastslå alderen på gutua og kan ikkje hevde at ho er eit automatisk freda kulturminne.

MEHUSGJERDEN

Eigedomene Mehugjerden 21/21 er utskilt frå Stenheim 21/14 i 1907, og Stenheim er utskilt frå Medhus 21/3 i 1906. Det er ikkje noko som tyder på at det har vore busetnad på dette jordstykket. Det ligg i dag som eit beite som ikkje er rydda for stein. I nedre del er det riktig nok ei mindre rydningsrøys. I øvre del er det ei naturleg grop (sjå nedanfor). Det kan vera eit oppkome. Ein gamal veg kryssar Mehugjerden frå sørvest til nordaust. Han kjem frå tunet på nedre Hagen 22/51, kryssar øvre del av beitet til Medhus 21/3 før han kjem inn på Mehugjerden. På Medhus sitt beite er vegen og godt synleg. Frå Mehugjerden og vidare opp mot fylkesvegen går han ifølgje kartet over Nilsehagen 21/2. Der har det vore nydyrka og vegen er borte. Over Mehugjerden er vegen synleg. Det er delvis lagt opp stein i vegkanten. På synfaringa vart det sagt at dette var vegen til Barskrind. Om det var ein lokal veg eller om det var hovudvegen nede frå dalen opp til Barskrind fekk vi ikkje greie på. Vegen har verneverd. Den gamle beitemarka på Mehugjerden har verd som ein del av eit variert kulturlandskap i Opheimsgrenda. Vekslinga mellom gamal slåtte- og beitemark og nyare oppdyrka fulldyrka eng er karakteristisk for jordbrukslandskapet i bruk og er noko av mangfaldet som aukar verdet til landskapet, både i høve til kulturhistorien og opplevinga for folk flest i dag.

KONSEKVENSAAR AV NY VEG OG NYDYR KING

Den nye vegen vil dele Mehugjerden om lag i to og sjølv sagt redusere verdet til den gamle beitemarka i nokon grad. Dersom vegen vert lagd så skånsomt som mogeleg i terrenget vil skadeverknadene verte mindre. Vi vil tilrå at det vert forsøkt å la kanten på den gamle vegen frå Hagen mot Barskrind vera synleg på i alle fall delar av strekningen.

Til tross for at den nye gardsvegen vil føre til inngrep i eit verdfullt kulturlandskap med ein gamal veg vil vi akseptere vegen. Vi vil derimot klårt frarå å gje løyve til nydyrking av heile eller delar av Mehugjerden, med bakgrunn i kulturlandskapets verneverd, slik det kjem fram ovanfor.

Medhusgutua er og verneverdig, noko som bør resultere i at ho ikkje vert fjerna. For at gutua framleis skal kunne brukast av folk og kan hende dyr, må dei to kryssingspunktene mellom gutua og den nye gardsvegen/fylkesvegen verte utforma på ein god måte. På det nedre punktet bør den nye vegen leggjast så lågt som mogeleg i terrenget for å unngå stor oppfylling av gutua. Ifølgje planen for den nye vegen vil den ta av frå fylkesvegen akkurat der gutua no kryssar. Vi vil tilrå at dette krysset vert flytta nokre meter mot aust, slik at gutua kan krysse fylkesvegen på same måte som i dag. Dersom det av vegtekniske grunnar er umogeleg, bør gutua flyttast noko mot vest slik at den framleis kan brukast heile vegen opp.

Vår dato
03.05.2004

Vår referanse
03/02104-11

Vi er varsla frå naboar om at det er dyregraver der vegen er planlagt, og har difor hatt ein av våre arkeologar på staden for å undersøkje. Ho fant ei grop innanfor området, men gropa er naturleg og ikkje noko freda kulturminne.

Det er heller ikkje funne andre automatisk freda kulturminne innanfor området. Dersom slike kulturminne likevel kjem til syne, må arbeidet straks verte stansa og fylkeskommunens utviklingsavdeling varsla, jfr. kulturminnelovens § 8.2.

Med helsing


Inger Liv Gøyul Lund e f
kulturvernleiar


Jørn Jensen
kulturvernkonsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i Buskerud

Kolbjørn Opheimsjorde

Liv og John Bakken

Universitetet i Oslo UKM, Oldsakssamlingen

Postboks 1604, 3007 DRAMMEN

3579 TORPO

3579 TORPO

Postboks 6762 St. Olavs plass, 0164 OSLO